



Sigvartsen Design AS
Nordtvetveien 21
0953 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4159 - 16/716

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
01.02.2016

Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr 227/40 Molvik

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.12.2015.

Mottakskontroll

Det vart ført mottakskontroll den 16.12.2015. Ansvarleg søkjar vart kontakta på telefon vedrørende innsendte teikningar. Kommunen har i etterkant motteke nye teikningar. I søknaden gikk det fram at søknad om VA skulle sendast inn separat. Det vart difor ikkje teke stode til dette i mottakskontrollen.

Søknad om utsleppsløyve vart sendt inn den 18.12.2015. Søknaden har ikkje vorte handsama her då vi har avventa tilbakemelding frå planavdelinga vedrørende planstatus. Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Opplysningar om plansituasjonen

Det vises til tidlegare samtalar vedrørende bygging på tomter på Molvik. Ein gikk ut frå at området var uregulert. Under handsaming av innsendte søknader, vart ein gjort merksam på at området eigedomane ligg i er regulert. Reguleringsplanen med føresegner har tidlegare ikkje vore publisert på braplan – og har elles ikkje vore elektronisk tilgjengelege. Plankart og føresegner (planbestemmelser for hyttebebyggelse på utmark av g.nr. 227. br.nr.1 Molvik i Lindås) vedlegges. I delingssaka nr. D-123/91 datert 28.08.91 er det ikkje teke omsyn til planen. Vi gjør spesielt oppmerksom på at reguleringsplanen har to kart. Det eine kartet viser hyttebebyggelsens ytre begrensning, vannledning, kloakkledning, parkeringsplass og gangveier. Det andre kartet viser omtrentlig hytteplassering, tomtegrenser, gangveier, parkeringsplasser, kloakk- og vannledninger, stakekummer og tappesteder.

- I planen går det fram at «Det er ikke tillatt å legge inn vann i hyttene», og at «vannklosett er ikke tillatt».
- Planen viser totalt 6 biloppstillingsplassar som skal nyttast av dei 5 fritidsbustadene.



Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Då tiltaket er ikkje i samsvar med reguleringsplanen må det søkast om dispensasjon frå denne dersom de ynskjer at saka skal handsamast som byggesak. Mellom anna er:
 - utslippssøknaden ikkje i samsvar med plan
 - plassering av fritidsbustaden er ikkje i samsvar med plan då den ligger utanfor regulerte tomter for fritidsbustader
- Situasjonsplanen syner ikkje parkeringsplass for denne eigedomen, det er heller ikkje dokumentert rett til å kunne parkere på naboeigedomen. Det kan vere naudsynt med dispensasjon for å etablere biloppstillingsplass for eigedomen.
- Det er ikkje dokumentert vegrett, eller rett til etablering av veg fram til eigedomen
- Utslippssøknaden er ikkje nabovarsla
- Plassering av anlegget er i strid med plan
- Mangler serviceavtale for minireinseanlegget
- Rett til tilkopling til felles borehull/pumpehus for vatn er ikkje dokumentert

Vi vil også vise til at parkeringsplassen er ikkje opparbeidd i henhold til reguleringsplanen og at gangvegen gjennom planområdet ikkje er bygd. Det kan sjå ut som at gangvegen nord for hyttene ikkje er godkjent.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.04.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vert arkivert utan vidare handsaming. Vi gjer merksam på at det kan vere andre manglar i søknaden

Vil vil tilrå at søknaden vert trekt og at det vert gjennomført ei planendring.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

bestemmelser
Plankart 1-1000
Plankart 1-5000

Kopi til:

Kristin og Øyvind Eikefet

Lilandveien 24B 5258

BLOMSTERDALEN

Mottakarar:

Sigvartsen Design AS

Nordtvetveien 21 0953

OSLO

